

Årets Oselvar-meisterskap går av stabelen til helga på Fanafjorden. Mange fleire burde oppdaga kva for ein framifrå båt Oselvaren er.

Vi snakkast på fjorden!



OSELVAR: Oselvaren byr på nær-sjøen-opplevelingar. Til helga seglar båten på biletet Oselvar-NM på Fanafjorden med Milde Båtlag og Siglarlaget Njord/Tysnes som arrangørar. Kva skal du gjera?

ARKIVFOTO: JAN M. LILLEBØ

KRONIKK

Kjell Magnus Økland er siglar og forfattar av boka «Oselvar – den levande båten» som kjem ut våren 2010.



For mange representerer Oselvaren forfedrane sitt slit og strev medan andre tenkjer på gode barndomsminne. Sams for desse er at dei ser båten som fortid, noko som var. Somme ser berre estetikk ved båten. Sjølv bruker eg Oselvaren rett og slett grunna dei spenneste sjøeigenskapane til båten. Dersom oselvaren skal vera noko meir enn ein historisk kuriositet, altså noko som er, må det finnast ei aktiv interesse for å bruka båten hjå vesentleg fleire enn det som er tilfellet i dag.

Historikk

Langt inn på 1900-talet var Oselvaren den vanlegaste bruksbåten i store delar av Hordaland. Alt etter bruken vert båtane bygde i ulike storleikar frå små æringar til store åtringar og larombåtar, færing og seksæring er likevel dei mest vanlege storleikane. Arkeologiske funn av båtdelar i Hordaland viser at byggeomåte og båtform for klinkbygde småbåtar ikkje har endra seg stort dei siste par tusen åra. Seinare, fram til 1860, vart båtar frå omlandet kring Bjørnafjorden gjennom fleire århundrer eksporterte over Nordsjøen til Shetland og Orknøyane.

Bruksbåt og sportbåt

Attåt soga som bruksbåt har båttypen òg ei lang og innhaldsrik søge

som sportsbåt, noko som skil Oselvaren frå andre norske tradisjonsbåtar. I 1847 vart båttypen fyrste gong brukt til organisert kappseiling. Gjennom sportsbruken har byggjarar og brukarar saman utvikla og forbetra spesialbygde kappseilingsbåtar i klassane færing og seksæring, og kappseilingsbåtar som vert inndelte etter seglarealet i åtte ulike klassar. Utviklinga av kappseilinga har ført til klasseregler laga etter internasjonal klasseregulering og godkjent av Norges Seilforbund. Båttypen har sidan 1978 segla offisielle NM og årets meisterskap går av stabelen til helga på Fanafjorden.

Economuseum og verdsarv

Attåt sportsbruken er det òg gjort mykje for å berga båtbyggjarhandverket. I 1997 opna Oselvarverkstaden med formålet å føra den levande handverkskunnskapen rundt Oselvaren vidare til nye generasjonar båtbyggjarar. Snart utvidar Oselvarverkstaden verksamheten for å bli eit Economuseum, eit av dei fyrste i Europa. Eit Economuseum er ikkje eit museum i vanleg forstand, men ei levande handverksverksemd. Både sjølv handverksproduksjonen og den historiske samanhengen skal formidlast slik at det heile kan utviklast som ein turistattraksjon. For Oselvaren sin del vert det spanande å sjå om han berre skal vera kulisse på land eller om han vert oppgradert til aktør på vatnet i dette opplegget. Det internasjonale Economuseum-samarbeidet representerer uansett ei formell

statusmessig styrking av Oselvarverkstaden.

Handverkarstatus

Ein kan godt seie at det inneber formell aksept av båtbygginga som ein viktig kulturtradisjon på europeisk nivå. Våren 2007 trer UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv i kraft i Noreg og for kulturminnevernet representerer dette på mange måtar eit paradigmeskifte. Kort fortalt kan ein seie at konvensjonen seier at kunnskapen om korleis ein lagar ein gjenstand er like viktig som gjenstanden sjølv. Dermed får handverkaren auka sin status, men skal konvensjonen Oselvar-omgrepet fullt ut må både kunnskap og dugleik i bruken av ein gjenstand òg få den same statusen som det å produsera han. For Oselvaren er kanskje eit vidare karrieresteg global aksept i form av oppføring på ei UNESCO-liste over verdas immaterielle kulturarv.

Heimebanen Hordaland

Interesse rundt Oselvaren utanfrå er vel og bra, og det må sjølvsgatt arbeidast vidare for å halda oppe og gjerne auka denne interessa. Den viktigaste arenaen for båttypen i framtida vil uansett vera på heimebanen i Hordaland, der Oselvaren tradisjonelt har hatt si største utbreiing. Det er tilhøva her som båten er utvikla for, det er her dei fleste båtane finst, det er her dei organiserte brukarmiljøa finst, altså er det i Hordaland

potensialet finst. Dei siste 140 åra er det etablert over 50 ulike organisasjonar kring aktivitet med Oselvaren og ein kan i dag tale om ei Oselvar-rørsle i form av mellom anna seglklubbar, kystlag og vene-lag. Skal ein få til større aktivitet og fleire brukarar har denne rørs-la ei rekkje utfordringar å ta tak i. Ei av dei største er at båttypen representerer ei kulturhistorisk arv som alle og ingen eig.

Oselvar-rørsla

I kommersiell samanheng er sjølv oselvar-omgrepet problematisk, då det er vanskeleg å gje ein nøyaktig definisjon av kva omgrepet rommar. Eit mål på sikt for Oselvar-rørs-la må vera at einkvar aktør som vil bruka Oselvaren i ein eller anna samanheng innlemmar Oselvar-rørs-la i

planane. For ein kan forventa ein slik posisjon må nok Oselvar-rørs-la betra si eiga koordinering og ro meir i takt. Ei regional samkyring vil truleg betra effekten av alle tiltak og framskunda realiseringa av potensialet som Oselvaren utvilsamt har. Ei profesjonisering av dette arbeidet kan på sikt verta økonomisk sjølvberande. Det vert uansett spanande å sjå framtidens aktivitetar med Oselvaren, sentrale stikkord vil sikkert vera sport, helse, undervisning, lagbygging for næringsliv og sporslaur turisme.

Båt for livet

Oppi alt dette tenkjer kanskje

du som les avisa at det hadde vore kjekt med ein båt. Oselvaren kan by på livslang læring og kan tilfredsstillast båtbrukarar i alle aldrar, anten dei jaktar på ro for kropp og sjel, pimpende adrenalin eller noko midt i mellom. Ser ein til moderne båtar kjem båttypen godt ut av det om forholdet mellom pris, storleik, vekt og fartseigenskapar vert vurdert. Oselvaren fyller heile lista som brosjyrar for moderne båtar likar å framheva som kjerneegenskapar: rovenleg, seglvenleg, sjødyktig, letthandterleg, trallbar og miljøvenleg. Båten kan dessutan fungera med ein liten, gjerne batteridrivne, påhengsmotor.

Heilt vedlikehaldsfrø er han ikkje, men litt puss og smurning kan alle få til, og skadde båtdelar kan byttast utan at ein treng å byta heile båten. Kvifor ikkje ta båten som har alle desse kvalitetane meir i bruk? Det er med andre ord tid for å leggja avisa til sides og ta turen til nærmaste naust der Oselvaren står og lengtar etter blå og gule dagar til turen!